

Bjarte Nordås
4865 Åmli
Tlf. arb. 37185203
Tlf. privat: 37081463

Åmli, 03.05.07

Meland kommune
Komm.avd. for natur -næring og tekniske tenester
Postboks 79
5906 Frekhaug

Utviding av Moldekleivmarka bustadområde - omdisponering av LNF-område til byggeområde for bustader.

Viser til vedtak i sak nr 007/07 i planutvalet 24.01.07.

Vi vil be planutvalet vurdere saka på nytt, då det går fram av saksutgreiinga at planutvalet har behandla eit anna område enn det er søkt om.

Det kan synes som om planutvalet har behandla området på ca 13 daa nord for vegen til kommunalt pumpehus. Som det går fram av vår søknad er arealet ca 40 daa og omfattar og bnr 48 sør for vegen til kommunalt pumpehus.

Planutvalet behandla i sak 107/05 privat framlegg til reguleringsplan for utviding av Moldekleivmarka. Her foreslo administrasjonen å godkjenne utarbeiding av privat reguleringsplan for del av gnr 27, og at planområdet vart utvida til å gjelde eigedomar nord og aust for førespurt areal for å sikre meir framtidsretta og heilskaplege løysingar. Så vidt vi kan forstå er det bl.a. våre eigedomar tilrådinga sikta til.

Det var difor på bakgrunn av saksutgreiinga og administrasjonen sitt framlegg i sak 107/05 vi slo oss saman for å lage ein reguleringsplan for vårt 40 daa store areal. For oss kunne alternativet vore å utarbeide ein reguleringsplan for området på ca 13 daa nord for vegen til det kommunale pumpehuset. Men ved å la heile området vårt inngå i reguleringsplanen vil vi som godt argumentert for i saksutgreiinga til sak 107/05 i planutvalet kunne ivareta fleire omsyn på ein god måte.

Det er difor overraskande og skuffande for oss at når vi tek signala i saksutgreiinga på alvor og legg til rette for å sjå eit større område under eitt, vert møtt med at det ikkje er behov for fleire bustadtomter i denne kommuneplanperioden i området.

Dersom det er ønskeleg, kan vi vere villige til å la ein del av arealet sør for vegen til pumpehuset gå inn som friområde for den totale boligmassa i området.


Vi håper denne presiseringa frå vår side kan gjere at kommunen òg ser fordelene av å få avklart bruken av desse areala i ein større samanheng i dette bustadnære område, og kan tilrå at det kan settast i gang utarbeiding av reguleringsplan der delar eller heile arealet vert lagt ut til bustadtomter.

Med helsing



Bjarte Nordås

VEOL. 4



MELAND KOMMUNE

Komm.avd. for natur - næring og tekniske tenester

Bjarte Nordås
4865 ÅMLI

Dykkar ref.
Vår ref. SVT

Journalp.ID 07/7749
ArkivsakID 06/1724
Arkiv nr. N-504

Dato 14.06.2007


**SVAR PÅ BREV OM UTVIDING AV MOLDEKLEIVMARKA BUSTADOMRÅDE
- OMDISPONERING AV LNF OMRÅDE TIL BYGGEOMRÅDE FOR
BUSTADER.**


Administrasjonen har drøfta dykkar brev av 03.05.07, der de ber om at saka om å utvida bustadområdet på Moldekleiv, for å starta opp reguleringsplan for området, vert vurdert på nytt. De viser til sak 007/07 i planutvalet den 24.01.07. De meiner og at planutvalet berre har vurdert eit område på 13 dekar nord for vegen, og ikkje eit område på til saman 40 dekar, som også går sør for vegen.

Administrasjoenn vil visa til at planutvalet har fatta eit vedtak om ikkje å tilrå at det vert starta opp noko privat reguleringsarbeid i dykkar område, og meiner at de må ta dette til etterretning. Me vil visa til at dette er eit prinsippielt standpunkt gjort av planutvalet, og som handlar om at nye byggjeområde før regulering til utbygging, først bør vurderast i ein kommuneplanprosess. Det vil og sikra at det vert gjeve klarsignal frå regionale styresmakter, noko som no ikkje ligg føre for dykkar område.

Avslutningsvis vil me orientera dykk om at alle som ønskjer det, etter plan- og bygningslova sin § 30 kan starta opp arbeid med privat reguleringsplan, og fremja denne til politisk handsaming.

Komm.avd. for natur - næring og tekniske tenester


Jens Bjordal
Kommunalsjef


Sveinung Toft
Plan- og byggjesaksansvarleg

Kopi: Planutvalet

Adresse
Postboks 79
5906 Frekhaug
postmottak@meland.kommune.no
naering.natur.teknikk@meland.kommune.no

Telefon:
56 17 10 00

Telefaks:
56 17 10 01
avd. 56 17 1161

Bankkonto:
3632 07 00242

Bankkonto, skatt:
6345 06 12563